

Sogn og Fjordane Ungdomslag

WWW.SOFUL.NO
HTTPS://WWW.FACEBOOK.
COM/SOFUL/

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET I SOGN OG FJORDANE UNGDOMSLAG

**SØNDAG 4. MARS. KL. 13.00
KYRKJEBØ, HØYANGER**

Deltakarar på årsmøtet.

Lag	Namn	Lag	Namn
Lavikdal UL	Brit Strandos	SOFUL	Hildegunn Risnes Gjelsvik
Lavikdal UL	Terje Strandos	SOFUL	Knut P. Bøyum
Førde UL	Arve Hornnes	SOFUL	Jorunn Sundal
Kyrkjebø UL	Ole Ivar Luggenes	SOFUL	Inge Masdal
Kyrkjebø UL	Olav Luggenes	SOFUL	Astrid H. Bolstad
Bygstad UL	Annbjørg Førde	Huset i bygda/SOFUL	Christoffer Knagenhjelm

SAK 1. OPNING OG KONSTITUERING AV ÅRSMØTET

Val av ordstyrar, referent og val av kven som skal underskrive referat.

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.

- Arve Hornnes vart samråystes godkjent som ordstyrar.
- Christoffer Knagenhjelm vart samråystes godkjent som referent.
- Inge Masdal og Annbjørg Førde vart valt til å signere årsmøtereferatet.

SAK 2. ÅRSMELDINGAR FRÅ STYRET

Årsmelding frå styret vart gjennomgått av styreleiar Hildegunn R. Gjelsvik.

- Anva*
- Ole Ivar Luggenes stilte spørsmål om samarbeid mellom Noregs mållag og SOFUL. Mellom hadde mållaget tidlegare gitt ut julesonghefte på nynorsk.
 - Inge Masdal og Annbjørg Førde: Kultur og tradisjon: Orienterte om endring i tilskotsystemet. Dreining frå aktivitet til kursverksemd.

Det var ingen kommentarar til årsmeldinga for Huset i bygda.

Vedtak: Årsmøtet tar kommentarar til vitande og årsmelding for 2017 er godkjent.

Årsmotoreferat i Sogn og Fjordane Ungdomslag 4. mars 2017



SAK 3. REKNESKAP FOR 2017

Jorunn Sundal la fram rekneskapen for 2017, inkludert prosjektrekneskap for «Jol i Sogn» og Huset i bygda.

- SOFUL drift: Underskot på kr. - **16 643,54**
- Huset i bygda: Underskot på kr. - **114 364,48**
- Jol i Sogn: Overskot på kr. **37 244,68**

Jorunn las opp revisjonsmeldinga frå Ingvar Linde.

- Kommentar til årsmeldinga: Revisor hadde godkjent rekneskap med underskot på - **21 643,54** i revisjonsberetninga. I framlagt rekneskap var underskotet på - **16 643,54**. På grunn av mistyding hadde ikke revisor sendt vidare endeleg rekneskap til styret og Christoffer Knagenhjelm. Differansen på kr. 5 000,- er utgifter til bornestemne i Fjærland i 2017, som ikkje var komme inn i framlagt rekneskap.

Vedtak: *Rekneskapen for 2017 er godkjent under føresetnad av at differansen i underskotet på kr. 5000,- dvs. - 21 643,54 i revisjonsberetninga og framlagt rekneskap på - 16 643,54 skyldast ikkje gjeldført kostnad på bornestemne i Fjærland i 2017 i det framlagte rekneskapen på årsmøtet.*

SAK 4. BUDSJETT FOR SOFUL, HUSET I BYGDA OG JUL I SOGN, 2018

Budsjett 2017 vart lagt fram ~~for~~ for årsmøte. Budsjettforslaget er retningsgivande og det vart understreka at her er mange ukjende faktorar.

- Kommentarar: Forslag til endring av budsjett. Det vart lagt fram forslag frå årsmøtet om å justere driftsbudsjettet, slik at det samsvarer med budsjettet for Jul i Sogn. Det betyr at på inntektsida vart inntektene til Jul i Sogn oppjustert til kr. 70 000, mens inntektene for julesonghefte vart senka til kr. 40 000,- Samstundes vert det lagt inn administrative kostnadar i driftsbudsjett til SOFUL for Jul i Sogn på 10 550. Dette gir eit årsresultat på – kr. **16 970**.

Vedtak: *Budsjett, med innarbeida endring, er godkjent av årsmøtet.*

SAK 5. ARBEIDSPLAN

Christoffer Knagenhjelm orienterte om arbeidsplan for 2018. Planen tek utgangspunkt i søknad om kulturmidlar til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Kommentarar:

- Inge Masdal. Generell kommentar til SOFUL og arbeidsplanen. Alternativet til å auke engasjementet var å legge ned ungdomslaget.
- Brit Strandos: Samarbeide meir med lokallaga. Sende ut helsingar, nyheitsbrev og meldingar til laga på e-post.



- Olav og Ole Ivar Luggenes. Har styret i SOFUL nokre tankar om samanslåinga med Hordaland. Korleis er det med SOFUL og Ungdomslaget i Hordaland? Styret svarde med at ev. samanslåing ikkje har vore diskutert i styret, men at styret i denne fasen fram til fylkessamanslåing er opptatt av å bevare dei gode relasjonane til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Vedtak: *Styret vil innarbeide i arbeidsplanen at ein vil forsterke kontakten med lokallaga. Arbeidsplanen er godkjent av årsmøtet.*

SAK 6. OVERFØRING AV MIDLAR PÅ KONTO REGISTRERT PÅ SUNNFJORD UNGDOMSLAG

Styreleiar Gjelsvik vart kontakta av banken som hadde oppdaga ein konto registrert på nedlagte Sunnfjord Ungdomslag. Midlane på kontoen var avsett til «Sunnfjordfilmen».

Saka var ikkje varsla på førehand, men årsmøtet gav sin tilslutning til at saka kunne handsamast på årsmøtet.

Vedtak: *Årsmøtet gir styret fullmakt til å overføre midlane på kontoen til SOFUL sin konto.*

SAK 7. AUKE STILLINGPROSENT TIL CHRISTOFFER KNAGENHJELM I SOFUL FRÅ 10 % TIL 20 %

Saka var ikkje varsla på førehand, men årsmøtet gav sin tilslutning til at saka kunne handsamast på årsmøtet.

Orientering om saka ved Knut P. Bøyum: Styreleiar og styret har ikkje arbeidskapasitet til å handtere alle sakene som kjem inn. Samstundes er det ønske om å auke aktivitetsnivå, betre kontakten med lokallaga og profesjonalisere drifta. Styreleiar har stilt som føresetnad for vidare engasjement at det vert gjort endring på arbeidsgjevardsa ved at Knagenhjelm aukar stillingsprosent, noko han har sagt seg viljug til å gjere.

Styret foreslår difor å auke stillingsprosent frå 10 % til 20 %, med prøvetid på 2 år. I første omgang vil man ta av eigenkapitalen, med målsetjinga om at auka utgifter i størst mogleg grad skal dekkast inn ved prosjektmidlar og anna ekstern økonomisk støtte.

- Kommentar: Terje Strandos foreslo å legge inn kostnad på kr. 75 000 i budsjettet til auka stilling (auka lønskostnad, inkl. auka reise og kontorkostnadar). Brit Strandos, føresetnad for auka stillingsprosent må vere at stillinga vert brukt for å styrke lokallaga.

Vedtak: *Årsmøte går samrøystes inn for å auke stillinga i SOFUL til 20 % som prøveprosjekt i to år. Føresetnad for vedtaket er at stillinga vert brukt til å auke kontakten med lokallaga.*

SAK 8. AKTIVITETSPRISEN

Styreleiar Hildegunn R. Gjelsvik orienterte om prisen. Styret har gått gjennom årsmeldingar som har kome inn frå ungdomslaga; 7 i alt. Styret vel å gi prisen til eit ungdomslag som er synleg i bygda si, og som skaper samhald og identitet. Laget har stor aktivitet, samtidig som dei er engasjert i SOFUL sitt arbeid og stiller på Årsmøta.

Aktivitetsprisen 2016 vart tildelt Balestrand Ungdomslag. Prisen er eit diplom og 4 000 kr.

Årsmøtereferat i Sogn og Fjordane Ungdomslag 4. mars 2017



SAK 9. VAL

Framlegga frå valnemnda vart presentert av Arve Hornnes, og desse vart valde:

- Leiar: Hildegunn Gjelsvik, attvaled for 1 år.
- Styremedlem: Knut P. Bøyum, ikkje på val.
- Styremedlem: Jorunn Sundal, Ikkje på val.
- Styremedlem: Alf Jørgen Bråtane, valt for 1 år.
- Styremedlem: Inge Masdal, attvaled for 2 år.

Varamedlemer for eitt år:

1. vara Olav Skjerdal, attvaled for 1 år.
2. vara Anne Tykhelle, attvaled for 1 år.
3. vara Arve Slettenes, attvaled for 1 år.

Styret i 2018 blir etter dette slik:

- Hildegunn Gjelsvik, leiar. På val i 2019
- Knut P. Bøyum, styremedlem. På val i 2019
- Alf Jørgen Bråtane, styremedlem. På val i 2019
- Jorunn Sundal, styremedlem. På val i 2019
- Inge Masdal, styremedlem. På val i 2020

Valnemnda:

Arve Hornnes, attvaled for 1 år
Annbjørg Førde, attvaled for 1 år.

Revisor: Ingvar Linde, attvaled for 1 år.

Kyrkjebø 06.03.18

Referent

Christoffer Knagenhjelm

- Rådgjevar for kulturgegg og ungdomslag i Sogn og Fjordane

Inge Masdal

Inge Masdal,

Annbjørg Førde

Annbjørg Førde

